



Lykkeliten Barnehage  
Leitet 3  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1728 - 19/725

Saksbehandlar:  
Astrid Namtvedt Sylta  
syas@lindas.kommune.no

Dato:  
10.01.2019

## Varsel om tilsyn i Lykkeliten barnehage

Tilsynet vert gjennomført etter Barnehagelova med forskrifter og er heimla i §§ 8 og 16.

Dato for tilsyn: 24.01.2019  
Avsett tid: 09.00 – 14.00

Tilsynet vart førebels varsla i e-post datert 23.11.2018, og dato vart endra i ny e-post 10.12.2018.

Frå tilsynsorganet kjem Astrid Namtvedt Sylta Lindås kommune, og Åshild Hope Herland som er ekstern tilsynsførar frå Austrheim kommune.

Gjennom kontroll med barnehagane sin praksis og etterleving av dei rettslege krava, skal eventuell lovstridig praksis avdekkast og rettast opp.

Siste tilsyn med Lykkeliten barnehagen var i 2017, papirtilsyn.

Tilsynet vert utført ved gjennomgang av innhenta dokumentasjon, synfaring og intervju.

### Tema for tilsynet vert dette:

#### **Barnehagelova § 2:** Barnehagens innhold

Tilsynsmynde vil særleg ha fokus på punkt 2 *Ansvar og rollar* i Forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

#### **Barnehagelova § 7:** Tilsynsmynde ønskjer ein gjennomgang av barnehagen sine vedtekter.

Dersom det vert avdekket lovbrøt, vil barnehagen få eit førehandsvarsel om vedtak etter forvaltningslova § 16, og få høve til å uttale seg i saka. Barnehagen vil deretter få rimeleg frist til å rette det ulovlege tilhøvet, før vi vedtek eit eventuelt pålegg om retting.



Tilsynet vert opna gjennom dette brevet. Førebels tidsplan er slik:

Dato	Plan
17.01.2019	Frist for innsending av dokumentasjon til Lindås kommune
24.01.2019	Opningsmøte kl 09.00
24.01.2019	Gjennomføring av intervju
	Utsending av førebels tilsynsrapport med førehandsvarsel om vedtak eller endeleg tilsynsrapport utan lovbrott
	Sluttmøte
	Frist for kommentarar frå barnehagen
	Utsending av endeleg tilsynsrapport, eventuelt med frist for retting

Fastsetjing av datoar, sjå tabell over, må fyllast endeleg ut når tilsynet er gjennomført. Rådmannen tek atterhald om endringar i planen, og vil halde barnehagen informert om eventuelle endringar.

Kryss av	Metode for tilsyn
	Synfaring inne og ute
x	Formøte med alle deltakarane. Fokus på føremål og opplegg.
x	Intervju av personar på ulike nivå i organisasjonen.
x	Stadfesting om rutinar vert følgde slik det er opplyst om.
x	Oppsummering

Tal personar	Kven ?
1	Barnehageeigar
1	Styrar i barnehagen
2	Pedagogiske leiarar

Endeleg intervjuplan vil verte utarbeidd i samarbeid med barnehagen  
Vi gjer merksam på at tilsynsrapportar er offentlege jfr offentleglova § 3. Endeleg tilsynsrapport vert publisert på Lindås kommune si heimeside / postliste.

### **Innsending av dokumentasjon :**

Rådmannen ber dykk sende inn den dokumentasjon som går fram av lista under, merka med x. Fristen for innsending er sett til 17.01.2019.

	Dokument:
x	Gjeldande vedtekter
x	Oversyn over bemanning, årsverk, kompetanse mv.
x	Oversyn over barn, alder og opphaldstid
x	Barnehagen sin årsplan
	Årsrapport/evaluering av verksemda
	System for kvalitetssikring
	Ståstadsanalyse
	Handlingsplan mot mobbing
	Resultat av brukarundersøking
x	Plan for gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak
x	Implementering av ny rammeplan
x	Kompetanseplanar
	Plan for overgang barnehage/skule

Kontaktperson for barnehagen er: Cathrine Taule.

Spørsmålet om tilsynet kan rettast til Astrid Namtvedt Sylta Lindås kommune  
tlf: 56375158 / 91114667  
e-post: [syas@lindas.kommune.no](mailto:syas@lindas.kommune.no)

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef

Astrid Namtvedt Sylta  
rådgjevar oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Lykkeliten Barnehage

Leitet 3

5911

ALVERSUND